
Fra: Postmottak KUD
Sendt: 11. mai 2012 10:18
Til: Postmottak KD
Emne: VS: Høringsfråsegn -- NOU 1:2012 Til barnas beste

Fra: Sigfrid Tvitekkja [mailto:sigfrid.tvitekkja@sprakradet.no]
Sendt: 7. mai 2012 15:15
Kopi: Postmottak KUD
Emne: Høringsfråsegn -- NOU 1:2012 Til barnas beste

Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:
12/145 - 2 / SIG

Dato:
07.05.2012

Høringsfråsegn -- NOU 1:2012 Til barnas beste

Språkrådet viser høringsbrev frå 6. februar 2012. Språkrådet stod ikkje på høringslista til Kunnskapsdepartementet til denne høringa. Vi vil gjerne be om at Språkrådet rutinemessig blir sett opp som høringsinstans.

Styret i Språkrådet har behandla denne høringsfråsegna 25. april, og fagrådet vårt for skule og offentleg forvaltning har gjeve sine råd i saka.

Barnehagen er ein sentral arena for barns språkutvikling. Språkrikdomen som finst i Noreg, er ein rikdom som ofte ikkje blir verdsett og utnytta. Variasjon og skilnader i språklege uttrykk gjer at ein ser språket tydelegare, og det igjen stimulerer til språkleg refleksjon og medvit. Slik spenning oppstår til dømes i møte mellom ulike dialektar, mellom ulike språk, mellom nynorsk og bokmål og mellom ulike kulturar. Språkleg medvit er ein avgjerande faktor for at barn skal lære seg å lese og skrive. Resultat frå PIRLS-undersøkingane viser også at elevar som er rikt språkleg stimulerte før dei kjem til skulen, blir motiverte og gode lesarar.

Språksynet i NOU nr. 1 *Til barnas beste*

”Til barnas beste” slår fast fleire stader at god språkutvikling er avgjerande for barnet, både når det gjeld å uttrykkje identitet, forstå omverda, sjå seg sjølv som ein del av samfunnet og å få venner.

St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer* seier dette om småbarn og språkutvikling: *Småbarnsalderen er den grunnleggende perioden i barnets språkutvikling. Ved hjelp av språk lærer barnet å forstå seg selv og omverdenen. Språk gir mulighet til å kommunisere og gir identitet og tilhørighet til et fellesskap. Dette er avgjørende for barnets utvikling – både intellektuelt, sosialt og emosjonelt. Tidlig og god språkstimulering er viktig for å gi barn et redskap for å forstå, uttrykke seg, delta aktivt i et fellesskap og lære å lære.*

Språkrådet meiner likevel at paragrafar i utkastet til barnehagelov speglar eit syn på språk som anten eit spesialpedagogisk hjelpemiddel eller som eit middel for integrering. Eit døme på eit slikt språksyn er den føreslegne § 48 i ny barnehagelov. Vi kjem tilbake til forståinga vår av den paragrafen nedanfor.

Unntaket frå eit slikt språksyn kjem tydelegast fram i dei kapitla i NOU-en og i dei paragrafane som omhandlar samiske barn. Der blir språkstimulering av det enkelte barnet knytt til styrking av lokal kultur, utvikling av identitet, styrking av det samiske mindretalet og kunnskapsutvikling i overgangen til skulegang. Samisk språk har eit særskilt vern etter norsk og internasjonal språkpolitikk, og det er på den bakgrunnen vi les dette utdraget frå NOU-en: ”Utvalget vurderer at barnehagen har vært og er en viktig arena for å utvikle samisk språk, kultur og identitet. En trygg forankring i eget språk og kultur vil gi samiske barn gode forutsetninger for å kunne utvikle sin identitet – samtidig som de skal forholde seg til majoritetssamfunnet.” Språkrådet meiner at ein slik måte å sjå barns språkutvikling på, bør kome alle barn til gode.

Teiknspråk

Vi siterer frå St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening*:

”Særskilde spørsmål reiser seg når det gjeld teiknspråk. På den eine sida er det her tale om språk for menneske med ei nedsett funksjonsevne. På den andre sida ser vi i dag ei utvikling også internasjonalt som går i retning av å definere døve som ein språkleg minoritet. Fordi teiknspråket i utgangspunktet er eit språk som er utvikla til bruk for menneske med ei nedsett funksjonsevne, kan det elles vera ein fare for at språket blir sett på som eit erstatningsspråk. Eit slikt syn kan truleg også forklara at dei som har nytta teiknspråk, ofte har vore sedde ned på av majoritetssamfunnet. Gradvis har det likevel vakse fram større innsikt i at teiknspråk er eit fullverdig språk på linje med andre språk. Teiknspråk må ikkje sjåast på som ein kommunikasjonsmetode for menneske med nedsette funksjonsevner, men som eitt av fleire språk som blir nytta i eit mangespråkleg samfunn.”

Forståinga i den føreslegne § 48 i ny barnehagelov av kva teiknspråk er, og kven som brukar det, ser ut til å vere mykje prega av synet på teiknspråk som eit erstatningsspråk. I merknadene til § 48 står det at ”omfanget av opplæringen og hvor den skal gis må vurderes individuelt, og vil blant

annet være avhengig av barnets alder, modenhet og om barnet har andre funksjonshemminger eller lærevansker”. Språkrådet meiner at denne formuleringa gjev grunn til å spørje seg kva språksyn det er som vil knyte retten til språkopplæring til alder, mognad og ”andre funksjonshemminger eller lærevansker”. Til dømes går teksten langt i å knyte retten til å få teiknspråkopplæring til om barnet har ”andre funksjonshemmingar”. Først vil vi kommentere at teksten her ser ut til å ta for gitt at berre barn med nedsett høyrse skal ha rett til teiknspråkopplæring, og det blir ikkje drøfta kva behov høyrande barn med teiknspråklege nærpersonar har. Dersom det vidare er etablert at barnet har andre funksjonshemmingar enn nedsett høyrse, er det då slik at formuleringa i neste omgang skal bli brukt til å auke eller redusere omfanget av teiknspråkopplæringa? Kva tyder det at ”omfanget skal vurderes individuelt”? Er det dei minst mogne eller dei mest mogne som skal ha mykje opplæring? Spørsmålet om rett til teiknspråkopplæring er innfløkt, og Språkrådet meiner at retten til opplæring i teiknspråk må regulerast i ei eiga forskrift, slik departementet opnar for i § 48 tredje punktum.

Den norske språksituasjonen

Språkrådet undrar seg over at den norske språksituasjonen med to målformer ikkje er tematisert i NOU-en. Dersom ein søker i dokumentet, dukkar ikkje ordet *nynorsk* opp ein einaste gong, medan *bokmål* dukkar opp ein gong – då i ein kontekst som omhandlar samiske nettressursar og temahefte som i eit samarbeid mellom Sametinget og senter for IKT i utdanninga skal finnast på tre samiske språk – og bokmål (side 99). Språkrådet meiner at alle barn skal møte begge målformer og dialektane i barnehagen og at dette må formulerast eksplisitt i barnehagelova. Det er særleg viktig at barn som skal ha nynorsk som opplæringsmålform seinare, utviklar språkleg sjølvtilit så tidleg som råd, og at barnehagen ikkje blir ein arena for tidleg tilpassing til bokmål i område der nynorsk er utsett for sterkt press frå bokmål som opplæringsmålform og administrasjonsmål. Det er lett å starte songstunda med ”Morn, morn, morn, hva heter du?”, men slike språkbrukssituasjonar som dei viktige songstundene og høgtlesingane er, kan i nynorske pressområde bidra til diglossiske tilhøve, der bokmål blir eit utespråk og ”offisielt språk” og nynorsk og dialekt eit heimespråk. Perspektiv på formidling av nynorsk språkkultur, sett i ein mindretalsperspektiv, manglar fullstendig i ”Til barnas beste”. Då Språkrådet leverte fråsegn til ny om forslag til forskrift om rammeplan for barnehagelæruddanninga 13. april 2012, meinte vi at det måtte kome klart fram i forskrifta at barnehagelæraren skal ha kunnskap om og i begge dei norske målformene og har ansvar for å drive språkutvikling på både nynorsk og bokmål. (I forskrifta var fleirspråklegheit elles nemnd.)

Språkrådet føreslo denne ordlyden i forskrifta:

”Kandidaten:

- ♦ Har bred kunnskap om barns språkutvikling, flerspråklighet, inkludert nynorsk og bokmål, og om barns gryende lese-, skrive- og regneferdigheter.”

Minoritetsspråklege barn

I opplæringslova har minoritetsspråklege barn rett til særskilt norskopplæring. Ein tilsvarande paragraf om rett til språkleg stimulering for minoritetsspråklege barn under skulepliktig alder bør finnast i barnehagelova, slik at alle barn stiller mest mogleg likt ved skulestart. Innvinga vår her har god samanheng med det vi sa i høyringa til ny rammeplan for barnehagelærarutdanninga 13. april 2012. Språkrådet sa der at det er godt og nødvendig at det blir kravd av barnehagelæraren at han har ”bred kunnskap om barns språkutvikling, flerspråklighet, og om barns gryende lese-, skrive- og regneferdigheter.”

Venleg helsing

Arnfinn Muruvik Vonen
direktør

Sigfrid Tvitekkja
fagkoordinator

Kopi: Kulturdepartementet